



Ei kyrkje for alle – og alle for Kristus!



Kyrkjeplan for Hjelmeland 2015-2027

Vedtatt i sokneråda 15.11.2010 og i kyrkjeleg fellesråd 30.11.2010
Revidert okt. 2014.

Innhald

1. Innleiing	s. 03
2. Visjon, hovudmål 2015-2018, delmål 2015-2018	s. 04
3. Status	s. 05
3.1. Kyrkjene	s. 05
3.2. Kyrkjegardane	s. 06
3.3. Tilsette	s. 06
3.4. Frivillige	s. 07
3.5. Gudstenestelivet	s. 07
3.6. Undervisning/ trusopplæring.....	s. 07
3.7. Kyrkjemusikk.....	s. 07
3.8. Diakoni.....	s. 08
3.9. Arbeidet i sokna	s. 08
3.10. Økonomi	s. 08
3.11. Kontordrifta.....	s. 09
3.12. Informasjonsarbeid	s. 09
4. Langtidsprogram 2015 – 2027	s. 10
5. Handlingsprogram med økonomiplan 2015 – 2018	s. 11
6. Delplanar 2015-2018	s. 12
6.1. Plan for gudstenestelivet	s. 13
6.2. Diakoniplan	s. 15
6.3. Lokal plan for trusopplæringa	s. 18
6.4. Plan for kyrkjemusikk	s. 23
6.5. Plan for gravplassdrifta	s. 31
6.6. Plan for kontordrifta.....	s. 33
6.7. Plan for informasjonsarbeid	s. 35
6.8. Årsbudsjett 2015	s. 36
6.9. Planar for arbeidet i det enkelte sokn	s. 37

1. Innleiing

Kyrkjeplan for Hjelmeland har sidan 1. januar 2011 vore eit styringsdokument for arbeidet i den lokale kyrkja. Meininga var å ha eit samla planverk for det arbeidet som vert drive i kyrkja. I kva grad dette har lukkast, gjev ikkje evalueringane undervegs noko eintydig svar på, men det er likevel ingen grunn til å la vera å gå vidare med dette planarbeidet, og planen vert difor nå revidert.

Langtidsprogrammet gjeld for perioden 2015-2027. Handlingsprogram med økonomiplan gjeld for 2015-2018, og delplanane gjeld i prinsippet også for 4 år, men her vil det kanskje vera behov for hyppigare revisjonar dersom rammevilkåra endrar seg, eller dersom det er naturleg eller nødvendig å ta inn nye tiltak eller arbeida etter nye strategiar. Årsbudsjetta og sokneråda sine årsplanar gjeld for 1 år om gongen. Desse vert ikkje lagt inn i den trykte utgåva av planen, men følgjer planen som vedlegg.

Kyrkjeleg fellesråd pliktar etter kyrkelova § 14 å utarbeida mål og planar for den kyrkjelege verksemda i kommunen.

Føremålet med denne kyrkjeplanen er:

- å sikra at verksemda vert driven etter vedtekne prioriteringar og innanfor dei tilgjengelege ressursane
- å sikra at tildelte midlar vert disponerte etter føresetnadane for tildelinga
- å medverka til at lokale og sentrale styresmakter til ei kvar tid har korrekte og relevante opplysningar

Dette er dei formelle grunnane for å ha ein overordna kyrkjeplan, men det viktigaste er å ha ein plan som forpliktar oss å arbeida målretta og systematisk, tenkja framover og setja oss i stand til å utvikla den lokale kyrkja i den retningen me ønskjer. Difor vil planen innehalda ein langsiktig del som peikar 12 år framover, eit handlingsprogram med økonomiplan for 4 år om gongen, og ulike delplanar som skal reviderast etter behov, men minst kvart 4. år. Dette gjeld dei 7 delplanane som står i kap. 6. I tillegg kjem årsbudsjett for fellesrådet, årsplanar for sokneråda og tenesteheftet som er ein del av planverket, men som ikkje er trykt i kyrkjeplanen.

Arbeidet i kyrkja kan aldri berre gjerast etter vedtekne planar. Kyrkja sitt oppdrag er større og vidare enn det som ein plan kan romma. Jesu ord til dei 11 disiplane om å gå ut og gjera alle folkeslag til disiplar – og å døypa dei og læra dei, gjeld også oss som lever og arbeider i dag. Det perspektivet må me aldri missa av syne.

Hjelmeland i august 2014
Olav Frantzen, kyrkjeverje

2. Visjon, hovudmål, delmål

Visjon

Ei kyrkje for alle – og alle for Kristus!

Hovudmål 2015 – 2018

Me vil:

- ✚ at Guds ord vert forkynt og sakramenta forvalta
- ✚ at barn og unge skal undervisast i i den kristne trua
- ✚ at diakonien skal gjennomsyra arbeidet vårt
- ✚ at kyrkjemusikk får gode vilkår og kan vidareutviklast

Delmål 2015 -2018

1. Oppretthalda gudstenestefrekvensen i samsvar med den forordninga me har i 2014, og søkja å få til nokre gudstenester utanom forordninga.
2. Tilbod om trusopplæring for alle døypte mellom 0 og 18 år på minimum 300 timar.
3. Utvikla diakoniarbeidet med fleire frivillige medarbeidarar.
4. Oppretthalda eit høgt nivå på det kyrkjemusikalske arbeidet.
5. Oppretthalda den kyrkjelege bemanninga minst på 2014- nivå.
6. Oppretthalda nivået på dei kommunale tilskota minst på 2014-nivå.
7. Gjera vedtak om evt. samanslåing av sokneråd.
8. Starta drøftingar med fellesråda i Strand og Forsand om samanslåing til eitt fellesrådsområde for søre Ryfylke.
9. Realisera planane om nytt orgel i Fister kyrkje
10. Kontinuerleg arbeid med bevaring og nødvendig vedlikehald av kyrkjer og gravplassar. Søkja samarbeid med kommunen om vedlikehaldsarbeidet på gravplassane.

3. Status

Dette kapitlet er ei beskriving av situasjonen hausten 2014.

3.1. Kyrkjene

Det er 4 kyrkjer og 1 bedehuskapell i kommunen.

Årdal gamle kyrkje er bygd i 1619 og vart i løpet av eit par tiår utvida til den storleik og form ho har i dag; kyrkja under dei tre tak. Kyrkja er freda og er ei av dei best bevarte rennessansekyrkjene me har i Noreg, og er kommunen sin største turistattraksjon med fleire tusen besøkande kvart år. Kyrkja vert brukt til 1-2 gudstenester i året, og til vigslar og konsertar. Kyrkja har omlag 200 sitjeplassar. Det er soknet som eig kyrkja, men kommunen er pliktige til å stilla midlar til vedlikehald og utbetringar etter pålegg frå Riksantikvaren.

Årdal kyrkje er bygd i 1914 og vigsla i 1918. Kyrkja vart bygd med stor økonomisk støtte frå utvandra årdalsbuar til Amerika. Kyrkja vart omfattande restaurert i 1968. Kyrkja har om lag 250 sitjeplassar. Det er omlag 20 gudstenester i året, og vanlegvis 3-5 vigsler og 8-10 gravferder. Kyrkja vil feira 100-års jubileum i 2018. Sidan dette er innanfor denne planperioden, vil det vera aktuelt å ta tiltak i samband med dette inn i den langsiktige delen av planen.

Fister kyrkje er bygd i 1867, og er ei tømra langkyrkje med tårn, teikna av Linstow. Kyrkja har preikestol, altertavle, døypefont og noko kyrkjesølv frå den gamle kyrkja (1604-1867). I kyrkja heng det eit krusifiks frå 1500-talet. Kyrkja er i bra stand, og har i 2014 fått installert nytt varmeanlegg med moderne varmestyring, samt installert nye innvendige vevindaugo. Arbeidet med å skaffa nytt orgel til kyrkja er i gang. Også her er det omlag 20 gudstenester i året, og talet på vigsler og gravferder er omtrent som i Årdal. Det er omlag 230 sitjeplassar i kyrkja. Kyrkja vil feira 150-års jubileum i 2017, altså innanfor denne planperioden.

Hjelmeland kyrkje er bygd i 1858. Det har altså nyleg vore 150-års jubileum og kyrkja stod fram i ny drakt innvendig til jubileet. Restaureringsarbeidet omfatta m.a. ny fondvegg med altarbilete av Tor Lindrupsen, nytt golv, nytt elektrisk opplegg, nye vindaugo og etterisolering. Totalt vart det brukt om lag 5 mill kr. til restaureringa. Dette er den klart største kyrkja i kommunen med 450 sitjeplassar. Her er det ca. 24 gudstenester i året, 3-5 vigsler og mellom 10 og 20 gravferder. I tillegg er det ein del konsertar.

Jøsenfjorden bedehuskapell er bygda sitt hus, men er vigsla til kapell, og vert brukt både til gudstenester og andre kyrkjelege handlingar. Det er 6-7 gudstenester i året her, av og til ein vigsel, og 0-3 gravferder i året.

3.2. Gravplassane

Til kvar av soknekyrkjene er det ein kyrkjegard. I tillegg er det ein freda kyrkjegard ved Årdal gamle kyrkje, og det er mindre gravplassar i Jøsenfjorden, på Jøsneset, i Vormedalen, på Kåda/ Sandanger (Randøy) og på Øye (Randøy) Gravplassane er haldne i god stand, og det er god plass til nye graver dei næraste 20- 30 åra. I gjennomsnitt er det omlag 30 gravferder i året, og dei aller fleste er kistegraver.

3.3. Tilsette

Me har p.t. følgjande stillingar:

Stilling	Stillingsprosent
Prost (Bispedømmet som arbeidsgjevar)	100 %
Sokneprest (Bispedømmet som arbeidsgjevar)	100 %
Kyrkjeverje	100 %
Barne- og ungdomsprest (1)	100 %
Kantor (2)	90 %
Gravar/ kyrkjegardsarbeidar	75 %
Kyrkjegardsarbeidar (3)	55 %
Prosteseekretær/ kontormedarbeidar	40 %
Kyrkjetenar Hjelmeland	22 %
Kyrkjetenar Fister	15 %
Kyrkjetenar Årdal	15 %
Kyrkjetenar Jøsenfjorden	3 %

- (1) Arbeidsoppgåvene til BU-prest er i hovudsak trusopplæring og diakoni.
- (2) Auka frå 80 til 90 % frå 01.09.14
- (3) Det er pt. ingen fast tilsett i denne stillinga. Oppgåvene er utført av sesongarbeidarar.

Totalt er det altså 11 medarbeidarar i til saman 7,15 årsverk. 5,15 årsverk er tilsette av fellesrådet, og 2 årsverk (prost og sokneprest) er tilsette av bispedømmerådet. Oppgåver som tilsette klokkarar gjorde tidlegare, vert nå utført av frivillige medliturgar.

3.4. Frivillige

Det er umogeleg å driva arbeidet i kyrkja utan frivillige medarbeidarar. Det er difor ei stor gruppe frivillige medarbeidarar som gjer ein stor og viktig innsats innanfor gudstenestearbeidet, trusopplæringa, diakoniarbeidet og det kyrkjemusikalske arbeidet, og som valde kyrkjepolitikarar i sokneråd og fellesråd, og i andre råd og utval. Det er viktig "å sjå" alle dei frivillige, motivera dei til vidare innsats, og å rekruttera nye frivillige heile tida. Bibelen oppfordrar medlemene i kyrkjelyden til å ha ei teneste i kyrkjelyden, og så vil Den heilage Ande gje den nødvendige utrustninga. Me kan difor vera frimodige når me ber folk om å vera frivillige medarbeidarar.

3.5. Gudstenestelivet

Gudstenesta har alltid vore kyrkjelyden si hovudsamling, og slik ønskjer me at det skal vera også i framtida. Det er den såkalla gudstenesteforordninga som er grunnlaget for kor mange gudstenester det skal vera i kvart sokn. Det er biskopen som vedtek denne etter at soknemøte, sokneråd, sokneprest og fellesråd har uttalt seg. Gjeldande gudstenesteforordning er frå 2013. I 2014 vert det gjennomført 67 forordna gudstenester i dei tre sokna våre, og i tillegg kjem 4 skule-og barnehagegudstenester, og 3-4 gudstenester på omsorgssentra. Det er bra frammmøte til gudstenestene. Særleg Fister kyrkje peikar seg ut som ei av dei best besøkte kyrkjene i bispedømmet. Det har vore ei gledeleg utvikling når det gjeld å gå på gudsteneste i nabokyrkjene. Gudstenesta har endra seg ein del etter at ny lokal grunnordning er sett ut i livet, med mellom anna større medverknad frå frivillige.

3.6. Undervisning / trusopplæring

Som et av dei siste prostia, fekk Ryfylke prosti tildelt trusopplæringsmidlar i 2014. På årsbasis får Hjelmeland 217 000 kr. pr. år til å styrkja arbeidet med trusopplæring for alle døypte mellom 0 og 18 år. Det er tilsett barne-og ungdomsprest som har hovudansvaret for trusopplæringa. Delplan for trusopplæring er under revisjon, og det ligg inne i tildelingsvilkåra for statlege trusopplæringsmidlar at det skal føreliggja lokal plan ved utgangen av 2016. I mellomtida arbeider me etter den planen som er vedteken tidlegare.

3.7. Kyrkjemusikk

Det er kantor som er den musikalske leiaren i kyrkja. I samarbeid med soknepresten er det kantor som set opp kva salmar som skal brukast i gudstenesta. Kantor har knytta til seg eit kyrkjemusikalsk utval som planlegg kyrkjekonsertar og andre arrangement. Korarbeid utgjer også ein viktig del av det kyrkjemusikalske arbeidet som kantor driv. Det føreligg plan for det kyrkjemusikalske arbeidet.

3.8. Diakoni

Diakoni er kyrkja sitt omsorgsarbeid. I Hjelmeland har barne-og ungdomspresten diakoni som ein del av sitt arbeidsfelt, utrekna til omlag 30 % stilling. Det er eit felles diakoniuvalg som driv dette arbeidet saman med BU-presten. Diakoni er også ein viktig del av soknepresten sitt arbeid, og mange frivillige er engasjert. Ny lokal plan for diakoni er ein del av kyrkjeplanen.

3.9. Arbeidet i sokna

Sokneråda er ansvarlege for arbeidet i sokna. Sokneråda skal tenkja strategi, dei skal organisera aktivitetar, dei skal direkte eller indirekte delta i planlegging av gudstenester, undervisning, diakoni og kyrkjemusikk, dei er ansvarlege for utleige av kyrkja, og dei bestemmer kva kyrkjeofringane skal gå til. Formålet for arbeidet i soknet er nedfelt i § 9 i Kyrkelova: *Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døpte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål, og legemlig og åndelig nød avhjulpet. Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet.*

Soknerådet har altså eit strategisk ansvar for å utvikla breidda i det kyrkjelege livet i soknet.

Alle tre sokna i Hjelmeland har inngått misjonsavtalar der dei støttar ulike misjonsprosjekt. Dette understrekar kyrkjelydane sitt misjonsansvar.

3.10. Økonomi

Kyrkja i Hjelmeland har dei siste åra måtta tilpassa seg ein strammare økonomisk kvardag. I løpet av ein del år har driftstilskotet frå kommunen reellt sett gått ned tilsvarande ca. 3/4 stilling. Me har likevel greidd å oppretthalda ikkje lovpålagde stillingar som trusopplærar og diakon, og frå 2014 vil dei sentrale trusopplæringsmidlane medverka til at me slepp å redusera ytterlegare på desse oppgåvene.

Etter at kyrkja vart utskilt frå den kommunale verksemda i 1997, har me fått årleg driftstilskot basert på søknad. Siste år var denne overføringa ca. 3,9 mill kr. inkl. mva. Saman med andre inntekter på omlag 0,8 mill kr, skal dette dekkja lønskostnader og alle andre driftsutgifter. Investeringar i bygg, større vedlikehaldsarbeid, utviding av kyrkjegardar etc. kjem i tillegg som investeringstilskot. Sjølv om me får eit bra tilskot, er det lite rom for nye tiltak utan at andre kostnader vert reduserte eller fjerna. Det vil alltid vera uløyste oppgåver som ikkje kan gjennomførast utan at inntektene aukar.

3.11. Kontordrifta

Den daglege drifta av kyrkjekontoret er ei av kyrkjevevja sine oppgåver. I tillegg er det frå hausten 2014 oppretta ein 20 % engasjementstilling i to år for å «ta unna» ein del oppgåver som har hopa seg opp gjennom åra, m.a. arkivarbeid. Kyrkjekontoret er stort sett bemanna kvar dag i vanleg kontortid. Kyrkjekontoret er pålagd mange oppgåver ut frå lov og forskrifter, og i tillegg kjem personalarbeid og økonomiarbeid.

3.12. Informasjonsarbeid

Også kyrkja må følgja med i det moderne informasjonssamfunnet, og forbettringspotensialet er nok ganske stort. Gudstenester vert kunngjort i lokalavisa, på nettsida og ved plakatar. Ulike arrangement vert og publisert på Facebook, men me har ennå ikkje ein samla strategi for bruk av sosiale medier.

4. Langtidsprogram 2015-2027

I dette kapitlet kan me komma med dei store vyene, men også det me ønskjer å vidareføra av det gode arbeidet som skjer.

Nye tiltak som er lista opp her, kan inntil vidare sjåast på som ei ønskeliste, men konsekvensen av denne lista må vera at alt som står her, skal realitetsbehandlast, og så får framtida visa kva som er mogeleg å få til. Det er viktig å ha ei liste med tiltak som me ønskjer på sikt å få realisert. Det er dette som må presenterast for kommunen, og det er med bakgrunn i ei slik liste me kan søkja om eksterne midlar som det ofte tek lang tid å få tak i.

4.1. Vidareføring av eksisterande arbeid og tiltak

- ✚ Så lenge me er avhengige av kommunale driftstilskot, er det ei viktig oppgåve å informera politikarar og administrasjon om det arbeidet som vert drive, og korleis tildelte midlar vert brukte. Dette vert m.a. gjort gjennom halvårlege kontaktmøte med rådmann og ordførar, gjennom årsmeldinga og gjennom den årlege søknaden om driftstilskot og evt. investeringstilskot. Det er eit mål at det driftsnivået me har i dag skal oppretthaldast. Det betyr i praksis at vekst i kommunesektoren også skal føra til tilsvarande vekst i kyrkjeleg sektor.
- ✚ Det stillingsnivået me har i dag, må oppretthaldast. Det inneber at me skal ha minimum 5,2 årsverk innanfor Fellesrådet sitt ansvarsområde. I tillegg kjem det me kan få ut av dei sentrale trusopplæringsmidlane.
- ✚ Fullføra restaureringsarbeidet i Fister kyrkje i 2015.

4.2. Nye tiltak

- ✚ Nytt orgel Fister kyrkje innan 2017.
- ✚ Restaureringsarbeid Årdal kyrkje innan 2020.
- ✚ Komplettering av messehaklar innan 2020 slik at alle kyrkjene har grøn, fiolett, raud og kvit messehakel.
- ✚ Garasje v/ Hjelmeland kyrkje innan 2018.
- ✚ Garasje v/ Årdal kyrkje (tilbygg bårehus) innan 2018.
- ✚ Sikra areal til utviding av Hjelmeland kyrkjegard innan 2020.
- ✚ Sikra midlar til innkjøp av ny traktorgravar og evt. ny lastebil eller varebil m/maskinhengar innan 2016.
- ✚ Nødvending renoveringsarbeid Årdal gamle kyrkje.

5. Handlingsprogram med økonomiplan 2015-2018

I dette kapitlet er det nødvendig å talfesta ulike tiltak som grunnlag for planlegging og søknadsprosedyrar. Det er og viktig å signalisera at me ønskjer å oppretthalda eit driftsnivå på dagens standard.

Slik ein vurderer situasjonen nå, er det vanskeleg å sjå for seg at me skal senka driftsnivået. Kyrkja er inne i ein reformprosess som vil krevja mykje av både tilsette, sokneråda og dei frivillige. Stat-kyrkje – forliket opnar for store endringar i det kyrkjelege landskapet, og innan få år vil det skje strukturelle endringar som heilt sikkert vil påverka måten me arbeider på og kva ressursar me har til disposisjon. Me kan likevel ikkje venta på kva som vil skje som konsekvens av sentrale politiske vedtak, men planleggja ut frå den røyndomen som me har i dag, men sjølvstøtt og med eit blikk på det som me kan forventa i åra som kjem.

Handlingsprogrammet må vera ein konsekvens av dei delmåla som er formulerte i kap 1 og dei tiltaka som er sett opp i kap. 4. Nokre av delmåla har ikkje budsjettkonsekvens utover det ordinære driftsbudsjettet, medan andre tiltak heilt klart medfører nye kostnader som må finansierast ved omprioriteringar eller ved ekstra tilskot. Her er det berre teke med dei tiltaka som medfører auka kostnader.

Tiltak	Budsjettkonsekvens	Planlagt gjennomført
Omgjering stilling til BU-prest	30 000 pr. år	2014
Nytt orgel Fister kyrkje	2 100 000	2015 -2017
Restaurering Årdal kyrkje, 1. trinn	500 000	2016 -2017
Messehaklar 3 stk	120 000	2017 -2019
«Garasje» ved Hjelmeland kyrkje	300 000	2017
«Garasje» ved Årdal kyrkje	300 000	2017
Ny traktorgravar (innbyte av gravemaskin)	300 000	2015
Renoveringsarbeid Årdal gamle krk	50 000	2015
Ny varebil/ pickup m/ maskinhengar	400 000	2015

6. Delplanar

Desse planane er eit resultat av arbeid i staben, i sokneråda, i utval og i arbeidsgrupper. Dei har ulik utforming og karakter, og dei må reviderast med ulike mellomrom. Eit årsbudsjett må me ha kvart år, og det same gjeld gudstenesteplan og tenestehefter. Dei andre delplanane treng ikkje reviderast så ofte, men trusopplæringsplanen står i ei særstilling i og med at denne skal godkjennast av biskopen for å få statlege trusopplæringsmidlar. Denne planen skal vera ferdig før utgangen av 2016.

Delplan	Vedlegg	Planlagt revidert
Plan for gudstenestelivet	1. Gudstenesteforordninga 2. Gudstenesteplan 3. Tenestehefte Hjelmeland 4. Tenestehefte Fister 5. Tenestehefte Årdal	2018. Vedlegga årleg eller halvårleg.
Diakoniplan for Hjelmeland		Etter behov, tidlegast i 2016
Lokal plan for trusopplæring		2016
Plan for kyrkjemusikk		Etter behov, tidlegast i 2016
Plan for kyrkjegardsdrift		2016
Årsbudsjett fellesrådet	Møteplan Fellesrådet	Årleg
Planar for det enkelte sokn	1. Årdal sokn 2. Fister sokn 3. Hjelmeland sokn	Årleg

Årsbudsjett og planar for det enkelte sokn ligg som utrykte vedlegg til kyrkjeplanen.

6.1. Plan for gudstenestelivet



Gudstenesta er kyrkjelyden si hovudsamling, og alt det andre me gjer, spring ut frå gudstenestefeiringa. I gudstenesta feirar me Guds nærver i ord og sakrament. Her kan me få næring til trua, kall og utrustning til teneste og frivillig innsats. Gudstenesta skal vera open og inkluderande for alle som søkjer til kyrkja.

Hovudmål:

Me vil løfta fram gudstenesta som kyrkjelyden si hovudsamling der alle som deltek får møta den treeinige Gud, får oppleva det kristne fellesskapet, vert styrka i trua og utrusta til teneste og frivillig innsats.

Strategiar:

Det er relativt god oppslutning om gudstenestene i Hjelmeland prestegjeld. Likevel skulle me ønskja at fleire var med og feira gudsteneste. Me trur at det ville skapa ringverknadar til alt det andre arbeidet kyrkja driv, og på den måten føra til utvikling og vekst i kyrkjelydane. Husfellesskap, bibelgrupper, cellegrupper og Alfagrupper er og viktige arenaer for personleg vekst og utvikling, og sokneråda vil gjerne stimulera til at det vert oppretta slike grupper.

Me ønskjer

1. at dei som kjem til gudstenesta får eit møte med den treeinige Gud,
2. gudstenester der tekstar, bønner, forkynning, liturgi, song og musikk talar til oss, engasjerer og utfordrar,
3. gudstenester som er varierte i form og innhald og som møter menneske der dei er,
4. eit fellesskap i gudstenesta basert på kjærleik, tillit og omsorg,
5. ei open dør til gudstenesta der alle skal kjenna seg velkomne,
6. at frivillige deltek i gudstenesteplanlegging og gjennomføring.

Tiltak:

1. Gjennomføra dei gudstenestene som er fastsett i forordninga, og ev. andre gudstenester i tillegg.
2. Variasjon i gudstenestene, t.d. temagudstenester.
3. Det vert utarbeidd gudstenesteplan for eit halvår om gongen. Denne planen inneheld detaljert oversyn over kvar enkelt gudsteneste. Det kan leggjast inn fleire gudstenester enn det forordninga tilseier. Dersom det involverer medarbeidarar tilsett av fellesrådet, skal dette skje i samråd med dagleg leiar/ kyrkjeverje.
4. På grunnlag av gudstenesteplanen vert det utarbeidd tenestehefte, også for eit halvår om gongen. Desse hefta vert utdelte til alle tilsette, tillitsvalde og frivillige.
5. Det er oppretta eit gudstenesteutval for prestegjeldet. Dette utvalet skal ha regelmessige møte.
6. Aktivisera gudstenestegruppene i kvart sokn slik at dei i større grad kan delta i gudstenesteplanlegginga. Sokneråda vil stimulera til oppretting av cellegrupper og husfelleskap.

Ansvar:

- Soknepresten utfører sine oppgåver i samsvar med tenesteordning for prestar.
- Det er soknepresten som er ansvarleg for å laga gudstenesteplan.
- Forrettande prest i samarbeid med kantor lagar plan for den enkelte gudstenesta og sender denne i god tid til dei som elles har oppgåver i gudstenesta.
- Soknepresten har og ansvar for å involvera gudstenesteutvalet og gudstenestegruppene
- etter behov.
- Kyrkjeverja utarbeider tenesteheftet etter at sokneråda og staben har kome med innspel og nødvendige opplysningar.

6.2. Diakoniplan



Lokal plan tek utgangspunkt i den sentrale diakoniplanen "Mer enn ord", vedteke på kyrkjemøtet i 2007. I dette vedtaket står det også m.a. "Diakonien er en hovudsak for kirken sitt oppdrag og må gjennomsyre hele kirkens liv." "Diakoniplanen skal være et redskap for menighetene, også for de som ikke har diakon eller spesielt tilsatte for å drive diakonalt arbeid."

I planen vert diakoni definert slik: "Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Diakoni er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd."

Kyrkjelydane i Hjelmeland, Årdal og Fister har eit felles diakoniarbeid og står saman om alle arrangementa og tiltaka i sokna, leia og koordinert av barne- og ungdomspresten som har avsett 30 % stilling til dette arbeidet.

Mykje av diakoniarbeidet skjer i det stille og er berande i kyrkja sitt arbeid. Dette arbeidet er ikkje særskilt nemnde i planen fordi dei har sin faste og sjølvsegte plass. Dei tiltaka som er nemnde i planen, peikar på område som ein ønskjer å utvikla vidare.

1. Nestekjærleik:

Menneske er gjensidig avhengig av kvarandre. Gjennom heile livsløpet treng me å bli møtte med nestekjærleik og miskunn. Nestekjærleik i praksis handlar både om små enkle handlingar og om store krevjande tiltak. Miskunn audmjukar ikkje mottakaren, men tek vare på menneskeverdet til den enkelte. *Gjenkjenninga – ”det kunne ha vore meg” – er viktig.*

Mål:

Vidareføra og utvikla omsorgsarbeid av ulikt slag.

Tiltak:

1. Oppretta og koordinera konseptet «Kvardagsven».
Ansvar: Diakonimedarbeidar. Omsorgstenesta og frivilligsentralen er aktive støttespelarar.
2. Besøksteneste
Ansvar: Sokneråda
3. Bønesamver i kyrkjene og andaktar på omsorgsentra.
Ansvar: Diakonimedarbeidar og sokneråda.
4. Avhjelpe materiell naud i nærmiljøet.
Ansvar: Diakonimedarbeidar og sokneråda.
5. Sorgarbeid. Arrangera temakveldar
Ansvar: Diakoniutvalet

2. Inkluderande fellesskap

Tradisjonelle relasjonsmønster og fellesskapsformer er i endring i alle aldersgrupper. Mange blir ramma av einsemd og mangel på ein stad å høyra til. Samtidig blir det skapt nye fellesskapsformer, mellom anna gjennom Internett. Dette speglar seg òg av i dei kyrkjelege fellesskapa. Grunnleggjande i kristen tru er at mennesket er skapt til fellesskap. Å styrkja banda mellom menneske og knyta nye band der forhold har gått sund, er ei diakonal utfordring. Gode fellesskap gir alle høve både til å yta og å ta i mot. Dei har plass til mangfaldet og syter for at ingen fell utanfor.

Mål:

Jobba systematisk og målretta for å inkludera alle døypte som bur i våre lokale kyrkjelydar.

Tiltak:

1. Skolera kyrkjevertane i oppgåva med å ta imot alle som kjem til gudsteneste.
Ansvar: Sokneprest og sokneråd
2. Samarbeida om å arrangera Hallovenn, bli-kjent-kveldar og bygdakveldar.
Ansvar: Sokneråda
3. Oppretta prøveprosjekt med kvardagsmiddag for skuleungdom rett etter skuletid ein gong i månaden på Hjelmeland bedehus.
Ansvar: Diakonimedarbeidar

3. Vern om skaparverket

Vern om skaparverket femner alt Gud har skapt, jorda med planter, dyr og menneske, havet og lufta og heile det økologiske samspelet. "For jorda og alt det som fyller henne, høyrer Herren til" (1. Kor 10,26). Det gjeld òg vårt eige forbruk og livsstilen vår.

Mål:

Auka fokus på kyrkja sitt ansvar også for naturen. Finna konkrete tiltak som hjelper oss å sjå eige forbruk og livsstil i lys av dette.

Tiltak:

1. Arrangera brukt-/ byttemarknad vår og haust med miljøgudsteneste
Ansvar: Diakoniutvalet
2. Tilrå samkøying til gudstenester og andre arrangement.
Ansvar: Sokneråda og diakoniutvalet

4. Kamp for rettferd

Alle menneske har rett til å leve eit menneskeverdige liv. Vi kan ikkje stilla oss likesæle til menneske som kjempar for livet. Vi må kjempa saman med dei og spela på lag med rettferda og solidariteten.

Som kyrkje er me utfordra til å arbeida med rettferd og menneskerettar både i eit globalt og eit lokalt perspektiv. Dette gjeld utfordringar knytta til globaliseringa, internasjonal handel, illegitim gjeld, fattigdom, krig, fred og forsoning, den teknologiske utviklinga og anna.

Mål:

Tydeleggjera og understreka at velstanden i vår del av verda ikkje er rettferdig; og at kyrkja står opp imot denne uretten.

Tiltak:

1. Ha 3 fastegudstenester på vekedagar i fastetida med fokus på rettferd.
Ansvar: BU-prest og kantor
2. Bruka fasteaksjonen til å auka fokus på rett og urett.
Ansvar: BU-prest og sokneråda

6.3. Plan for trusopplæring



I erkjenning av at den offentlege skulen ikkje lenger er arena for kyrkja si trusopplæring, har Stortinget vedteke å gje midlar direkte til Kyrkja for å driva ei systematisk trusopplæring for alle døypte mellom 0 og 18 år. Kyrkja skal altså i større grad enn før driva trusopplæringa i eit formelt system med statlege midlar. Trusopplæringa skal skje på mandat frå foreldre/ føresette og fadrar som har ønskt dåp.

Alle kyrkjelydar er nå innfasa i dei statlege trusopplæringsmidlane. Ryfylke prosti kom med i siste gruppe, og Hjelmeland (alle tre sokna) har fått ca. 167 000 kr. i 2014, og vil frå 2015 og kvart år framover få omlag 217 000 kr.

Eit vilkår for å få trusopplæringsmidlar etter 2017, er at det føreligg ein lokal plan som biskopen har godkjent. Arbeidet med ein slik plan startar opp hausten 2014, og skal vera ferdig seinast ved utgangen av 2016, men me satsar på at planen skal vera ferdig før. I mellomtida arbeider me ut frå den planen me har hatt i nokre år, litt revidert i 2014.

Det er gjeve ut ein sentral plan for trusopplæring; **Gud gir – vi deler**. Denne er svært god, men også ganske ambisiøs. Denne planen må leggjast til grunn for utvikling av lokal plan. Det er også utvikla ressursar som er tilgjengelege på nettet. Dette vil vera hjelpemidlar som me vil ta i bruk når det skal lagast ein ny plan for trusopplæring i Hjelmeland. Me tek sikte på å ha ein felles plan for dei tre sokna, og ikkje ein plan for kvart sokn.

Arbeidet med trusopplæringa vert leia av barne- og ungdomspresten som har 70 % stillingsressurs til dette arbeidet. Det er utnemnd eit felles trusopplæringsutval.

Mellombels plan for trusopplæring

Hovudmål:

Lokal plan for trusopplæring i kyrkja i Hjelmeland skal medverka til ei systematisk og samanhengande trusopplæring som

- + vekkjer og styrkjer kristen tru
- + gir kjennskap til den treeinige Gud
- + medverkar til kristen livstolking og livsmeistring
- + utfordrar til engasjement og deltaking i kyrkje og samfunnsliv,

for alle døypte i alderen 0 – 18 år, uavhengig av funksjonsevne.

Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til disiplar!

Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og **lær dei** å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står. (Matt. 28, 18-20)

For de er alle Guds barn i kraft av trua på Jesus Kristus. Alle de som er døypt i Kristus, har kledd dykk i Kristus. Her er ikkje jøde eller grekar, træl eller fri, mann eller kvinne. De er alle ein i Kristus Jesus. (Gal 3, 26-28)

Som det går fram av Jesu ord, har læringa ein sentral plass i arbeidet med å gjera folk til disiplar. Den andre sida er det som Paulus understrekar til Galatarane: I kyrkja er det *Kristus* som sameinar alle truande, uansett alder, kulturbakgrunn, kjønn, stilling eller stand. Dette vert synleggjort i gudstenesta der alle tek del. Mykje trusopplæring skjer nett her.

Det er difor eit mål å involvera/invitera familiene på gudsteneste:

- fordi borna relaterer seg til foreldre/føresette som ideal; " eg gjer det dei gjer"
- fordi born og alle erfarer einskapen i Kristus. "*Der to eller tre er samla....*"
- fordi gudstenesta er eit pedagogisk verkemiddel i og med at liturgien er lik frå gong til gong.












Likevel viser det seg at det er mykje arbeid å få familiar til å komma på gudsteneste. Familiegudstenester, barnepreike i hovudgudstenestene, søndagsskule før/etter gudstenesta, kyrkjekaffi og familieaktivitetar knytta til gudstenesta og søndagen er difor viktige verkemiddel i trusopplæringa.

Strategiar:

1. Involvera frivillige i alle fasar. Motivera dei til å bruka seg sjølv, sine gåver og interesser i tenesta. Frivillig arbeid er ikkje ei plikt, men naturleg respons for den som har teke i mot nåden.
2. Gudstenesta er ein arena for trusopplæring for alle aldersgrupper. For at også denne aldersgruppa (0-18 år) skal få utbytte av gudstenesta, må ein del gudstenester planleggast og gjennomførast med det for auga. Familegudstenester, barnepreike i høgmessa, søndagsskule før/ etter gudstenesta, kyrkjekaffi, familieaktivitetar i etterkant av gudstenesta, vil vera verkemiddel for å nå målsetjinga.
3. Trusopplæring skjer i møte mellom menneske og når menneske møter den treeinige Gud. Difor må vi dela tru og undring, kristne tradisjonar og verdiar, opplevingar og fellesskap, håp og kjærleik. Då kan trua bli rotfesta og få gode vekstvilkår.
4. Trusopplæringa skal fremja eigenverd og leggja til rette for at barn og unge kan sjå seg sjølv og tolka tilværet sitt som skapt, elska og halde oppe ved Guds kjærleik. (Livstolking og livsmeistring)
5. Gjennom trusopplæringa skal barn og unge læra å kjenna den treeinige Gud gjennom Bibelen som Guds ord, truedkjeninga, sakramenta og andre sentrale uttrykk for kyrkja si tru. Barn og unge skal bli kjende med dei kristne høgtidene og kyrkja dei høyrer til. (Tru og tradisjon i kyrkja)
6. Gjennom trusopplæringa skal barn og unge arbeida med kva det vil seia å elska Gud, seg sjølv og nesten sin. Dei skal læra å be, lesa Bibelen, feira gudsteneste og visa nestekjærleik i praktisk solidaritet. Barn og unge skal få uttrykkja seg sjølv, trua og skaparevna si. (Kristen tru i praksis)

Sentrale dimensjonar:

Den sentrale planen (kap. 6) opererer med omgrepet sentrale dimensjonar. Desse dimensjonane skal inngå i ein heilskapleg plan:

-  Samarbeid med heimen og familien
-  Medverknad frå barn og unge
-  Inkludering og tilrettelegging
-  Gudsteneste
-  Diakoni
-  Misjon
-  Musikk og kultur
-  Frivillig medarbeidarskap
-  Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonar
-  Tverrfagleg samarbeid
-  Kommunikasjonsarbeid

Tiltak:

Aldersgruppe	Tiltak	Beskriving av tiltaket	Ansvar
0-3 år	Fødselsbesøk	Frivillige i sokna går på besøk og har med seg ei rose og/eller ei bok. Inviterer til dåp og informerer om dei ulike tilboda kyrkja har for borna.	BU-prest
4 år	Utdeling av Barnebibelen eller ei anna bok.	Invitasjonsbrev vert sendt frå kyrkjekontoret. Bibel/ bok vert utdelt på ei familiegudsteneste om hausten. Torsdagen før utdelinga møtest borna til bibelforteljingsstund i kyrkja.	Sokneråda saman med BU-prest
1-5 år	Besøk i barnehagane	Det vert sendt ut brev om hausten med tilbod om besøk før hausttakkefest. Dei som takkar ja, får besøk frå BU-prest og kantor	BU-prest og kantor
1-5 år og 1.-3. årssteg på skulane	Påskevandring, pinsevandring	Dette er opplegg som rullerer frå år til år. BU-prest og kantor planlegg og gjennomfører etter at barnehagane og skulane har fått tilbodet.	BU-prest og kantor
6 år	Dåpsskule. Utdeling av bok	Vert gjennomført kvart eller annakvart år i kvart sokn. 5 samlingar rett etter skuletid ein gong i veka. Deltaking på gudsteneste.	BU-prest
11 år	Lys Vaken	Overnatting i ei av kyrkjene natt til 1. søn. i advent. Opplegg laurdag ettermiddag/kveld og søndag morgon. Deltaking i gudstenesta.	BU-prest
11 år	Utdeling av Bibel på gudsteneste i januar – februar. 11-års grupper i alle sokn.	Kyrkjekontoret sender ut brev der 11-åringane vert inviterte til gudsteneste og til 4 samlingar i påfølgande veker. Desse samlingane vert gjennomførte i kvart sokn.	Sokneråd/ BU-prest

14 – 16 år	KRIK	Ungdomsskolen fredagskveldar	Eige styre.
15 år	Konfirmasjons- undervisning	Konfirmasjonsundervisninga føregår etter særskilt plan. Weekend. Tilbod om deltaking på KonfAction i juni.	BU-prest
16 -18 år	Oppfølging av konfirmantar	Tilbod om oppfølging, fordjuping og leiartrening	BU-prest

I tillegg til BU-prest med 70 % stilling innanfor trusopplæringsarbeidet, har nå også kantor ein 10 % stillingsressurs innanfor trusopplæringa. Dette kjem i tillegg til den involveringa ho har hatt tidlegare, og gjev rom for eitt eller fleire nye tiltak som ennå ikkje er kome med i denne planen, men det kan t.d. vera babysang.

6.4. Plan for kyrkjemusikk



Innleiing:

I Bibelen vert det lagt stor vekt på song og musikk som kjelde til lovprising og livsutfalding:

Alt som har ande, skal love Herren (Salme 150,6)

..og syng saman med salmar og hymner og åndelege songar. Syng og spel av hjartet for Herren (Ef. 5,19)

Song og musikk har såleis hatt ein naturleg plass i kyrkja gjennom alle tider; som lovprising, bøn og takk, og som glede og samhandling.

Gjennom song og musikk gjev vi vårt svar til den treeinige Gud med takk for den Gud er, for Guds handlingar i skaparverket, i frelseshistoria, i kyrkjelyden og i livet til den enkelte. Vi forkynner hans velgjerningar, og gjennom dette vert menneske bundne saman i eit fellesskap.

Kyrkjemusikken skal reflektere, tolke og formidle kristen tru, vere brubyggjar i kyrkjelyd og lokalsamfunn, og gje kunstnarlege uttrykk til kyrkja og trua.

Visjon:

Musikk som i breidde og kvalitet styrkjer trua og bind saman.

Vi ser for oss det kyrkjemusikalske arbeidet på 6 område:

1. Kyrkjelege handlingar
2. Gudstenester
3. Korverksemd
4. Konsertar og musikkandaktar
5. Samarbeid med omsorgssentra
6. Samarbeid med barnehage, skule og kulturskule
7. Instrument og bemanning

Innan kvart av desse områda set vi opp mål, tiltak, ansvar og tidsrom

Kyrkjelege handlingar:

Mål	Tiltak	Ansvar	Tidsrom
Å lage gode musikalske rammer rundt dei kyrkjelege handlingane	<p>At ein har kompetente tilsette til å utføre oppgåvene, og at vedkomande har nok tid til å førebu seg.</p> <p>Gravferdsbyrå og pårørande - eller brudepar - må vere raske til å kontakte kantor når dei har særlege ønskje ang musikkval.</p>	<p>Fellesråd, kantor</p> <p>Gravferdsbyrå, prest, kantor</p>	
Å la musikken vere i pakt med rommet og handlinga	<p>Bruk av levande musikk som hovedregel (jmfr brev frå biskopen tidlegare i år)</p> <p>At alle tilsette og gravferdsbyrået er med og signaliserer dette .</p>	Gravferdsbyrå, prest, kantor	
Å imøtekome musikalske ønskje når det ikkje bryt med innhaldet i den kyrkjelege handlinga, og når det praktisk lar seg gjere.	<p>T.d. at kantor får høve til dialog med pårørande, ev. brudepar, om alternative løysingar</p> <p>Viktig at kantor tidleg blir kobla inn, slik at ein lettare kan finne løysingar, bli samde om alternativ eller få kommunsert eit 'nei' på ein god måte...</p>	Gravferdsbyrå, prest, kantor	





Gudstenester

Mål	Tiltak	Ansvar	Tidsrom
At musikken skal styrkje, fremje og leie salmesongen	<ul style="list-style-type: none"> ✚ Å oppretthalde kantorstilling i minst 80 % stiling, og på sikt auke samla ressurs til 110% ✚ Å oppretthalde ordninga med forsongarar ✚ Å bruke kyrkjekoret jamnleg ved gudst. 	<p>Fellesrådet, kantor</p> <p>Kantor, kyrkjevevja</p> <p>Kantor, kyrkjekoret, kyrkjevevja</p>	<p>Sende ut epost før kvart semester + få det inn i tenesteheftet</p> <p>Semesterplanarbeid for koret + tenesteheft</p>
At musikken skal styrkje og streke under forkynninga	<ul style="list-style-type: none"> ✚ Å innarbeide sangen og musikken i dei heilskapelege planane for gudstenestelivet ✚ Å arrangere alternative gudstenester, t d Tomas-messer, temagudstenester ✚ Å ha kantor med i gudst.utval og -grupper ✚ Å bruke kyrkjekoret jamnleg ved gudstenester 	<p>Kantor, kyrkjevevja</p> <p>Prest, sokneråd, kantor.</p> <p>Prest, kantor</p> <p>Kantor, kyrkjekoret, kyrkjevevje</p>	<p>Få det med i tenesteheft før kvart semester</p> <p>Få det inn i gudst.planen (som kjem 1 el 2 gongar i året) Planlegge før kvart arr.</p> <p>X antal gongar i året</p> <p>1 gong i kvar krk pr semester /få det med i tenesteheftet</p>
At musikken skal gje rom for ulike ytringar, og tilføre ein estetisk og kunstnarleg dimensjon	<ul style="list-style-type: none"> ✚ Å bruke barn og unge til å medvirke med sang/musikk ✚ Å bruke kyrkjekoret jamnleg ved gudstenester ✚ Å invitere Ryggjaljom el evt andre kor/grupper til å delta ved gudst ✚ Å gjere bruk av andre som spelar og syng 	<p>Kantor, evt sokneprest eller BU-prest</p> <p>Kantor, kyrkjekoret, kyrkjevevja</p> <p>Kantor, evt prest, kyrkjevevja</p> <p>Kantor, frivillege, evt prest</p>	<p>Særleg ved familiegudstenester</p> <p>Ca 1 gong i kvar kyrkje pr semester/ få det med i tenesteheftet</p> <p>Ved særlege høve. Helst få det med i tenesteheftet.</p> <p>T.d: Jul,. påske, konfirmasjonar, 17. mai, pinse.....</p>

Korverksemd

Mål	Tiltak	Ansvar	Tidsrom
At kyrkjelyden framleis skal leggja til rette for korverksemd i ulike aldersgrupper	<ul style="list-style-type: none"> ✚ Å arbeide for å få på plass eit kortilbod for born i skulealder ✚ Arrangere barnekor-prosjekt 	<p>Kantor Frivillege</p> <p>Kantor Evt frivillege</p>	<p>Innan 2015/2016</p> <p>T d før jul</p>
At Hjelmeland kyrkjekor , og gjerne også andre kor, jamnleg deltek i gudstenestelivet og i andre kyrkjelege arrangement	<ul style="list-style-type: none"> ✚ Å lage ein heilskapleg plan for kormedverknad ved gudstenester og andre arrangement (jmfr tenestehft) ✚ Å lage fellesprosjekt for fleire kor 	<p>Kantor Styret for kyrkjekoret Prest Kyrkjeverja</p> <p>Kantor Styret for kyrkjekoret evt KMU</p>	<p>I forkant av kvart semester. Førebuing av kvart arr.</p> <p>Ved særlege høve</p>
At kyrkjekoret skal vere eit ope fellesskap, der den enkelte kormedlem får bidra med sine gåver og samtidig oppleve vekst og utvikling	<ul style="list-style-type: none"> ✚ Å arbeide systematisk med å leggja gode planar for korarbeidet 	<p>Kantor Styret for kyrkjekoret</p>	<p>I forkant av kvart semester, samt kontinuerleg fokus.</p>
At kyrkja sitt korarbeid skal vere ein viktig del av trusopplærings-arbeidet	<ul style="list-style-type: none"> ✚ Å synleggjere korarbeidet si betydning, t d i planverket 	<p>Staben</p>	<p>Når planane blir lagde. Kontinuerleg fokus</p>

Konsertar/musikkandaktar:

Mål	Tiltak	Ansvar	Tidsrom
At mange får nytte godt av konsertopplevingar med høg kvalitet	 Å arbeide målretta med marknedsføring lokalt og regionalt	Kantor, KMU	Før kvar konsert Før kvart semester
At tilbodet av konsertar samla sett representerer breidde og kvalitet, og eit mangfald av musikalske uttrykk	 Å planlegge - og legge til rette for - mange ulike typer konsertar og musikkandaktar gjennom året.  Å gjere bruk av både lokale og eksterne utøvarar.  Å ha minst 2 møter i KMU i året der ein både evaluerer arbeidet og legg planar framover	KMU, kantor	Planlegge arr i forkant av kvart semester, enkelte arr på lenger sikt Gjennomføring av dei enkelte arr Vår og haust
At bruken av kyrkja som konsertlokale kan få opne opp for fleire innfallsvinklar inn mot kyrkja.	Sjå tiltaka over		

Samarbeid med barnehage, skule og kulturskule m m:

Mål	Tiltak	Ansvar	Tidsrom
At barnehagar, skular og kulturskule skal oppleve kyrkja som ein god, imøtekomande og tydeleg samarbeidspartnar	✚ Kyrkjekontoret sender ut invitasjonar til hausttakkefestar og skulegudstenester før jul	BU-prest	August/september Dialog undervegs
	✚ Kyrkjekontoret inviterer skular og barnehagar (etter eit turnus-system) til påske- og pinsevandringar	BU-prest Kantor	Februar/mars Dialog undervegs
	✚ Invitere til/opne opp for kyrkjekonsertar i samarbeid med kultursk.(elevkonsertar)	Kantor	Nov/des Mars/april
	✚ Evt invitere lærarar frå kulturskulen til å halde konsertar i kyrkja (eller medverke ..)	Kantor	Ved særlege høve
At barn og unge regelmessig skal få tilbod om lærerike møte med kyrkje og kristendom	✚ Hausttakkefestar ✚ skulegudstenester ✚ Lys Vaken ✚ Dåpsskular ✚ Påskevandringar ✚ Pinsevandringar	BU-prest, kantor, evt Sokneprest, frivillige	Sept Des Des Jan/feb Mars/april Mai/juni
At interessa hjå barn og unge vert vekt, så dei på ein god måte kan få kjennskap til songen og musikken i kyrkja	✚ Demonstrasjonar av orgelet	Kantor	Etter avtale
	✚ Kantor medverkar ved ein eller fleire konf.timar, der fokus er salmar og liturgi	Kantor, BU-prest	Etter avtale
	✚ Lage salmekanon for barn og unge i Hjelmeland ✚ Sjå elles rubrikken over	Kantor, BU-prest	I løpet av 2015

Samarbeid med omsorgs-institusjonane:

Mål	Tiltak	Ansvar	Tidsrom
At det skal finnast regelmessige tilbod ved institusjonane som inkluderer sang og musikk	✚ Plan for institusjonsbesøk/ andaktar der kantor medverkar med song/musikk	Diakonimedarbeidar, Kantor, Sokneprest	Plan vert lagt i forkant av kvart semester
	✚ Kyrkjekoret søker å legge institusjonsbesøk inn i planane sine	Kantor, korstyret	Minst ein gong i året

Instrument og bemanning:

Mål	Tiltak	Ansvar	Tidsrom
At kyrkjelydane skal ha tenlege og funksjonelle instrument med høg kvalitet	✚ Å oppretthalde gjeldande avtalar om vedlikehald av orgel	Fellesrådet	Ca 1 gong i året, elles ved behov I samband med budsjetthandsaminga i kommunen (hausten) Kontinuerleg frå 2013
	✚ Å ha regelmessig pianostemming i kyrkjene.	Kantor, fellesrådet	
	✚ Å arbeide for at løyvingane til kyrkjeleg verksemd ikkje vert ytterlegare reduserte	Fellesrådet, kyrkjeverja	
At kyrkjelydane skal ha kompetent arbeidskraft til å realisere fastsette planar og mål	✚ Å halde fram arbeidet for nytt orgel i Fister kyrkje	Fellesrådet, Fister sokneråd, orgelkomiteen, orgelkonsulenten	Etter avtale, minst ein gong i året Etter avtale mellom partane
	✚ Å la kantor, og ev andre tilsette, få delta på kurs/konferansar med aktuelle kyrkjemusikalske tema	Fellesrådet, kyrkjeverja, dei tilsette	
	✚ Å legge til rette for evt vidareutdanning og/eller anna kompetanseheving for kantor	Fellesrådet, kyrkjeverja, kantor	

Evaluering:

Mål	Tiltak	Ansvar	Tidsrom
At planen vert brukt og vert eit nyttig reiskap i arbeidet med song og musikk i kyrkja	<ul style="list-style-type: none">✚ Å evaluere gudstenester og andre arrangement, både kontinuerleg og med jamne mellomrom.✚ Å ha ei hovedevaluering mtp måloppnåing.	<p>Kantor, stab, KMU , sokneråda, evt gudstenestegrupper, gudstenesteutval</p> <p>Felles for alle tre sokneråd?</p>	<p>Kontinuerleg etter kvart arrangement, samt t d halvårleg</p> <p>Ca 1 gong i året</p>

6.5. Plan for gravplassdrifta



Drift av gravplassane er eit arbeid som kyrkja gjer på vegne av storsamfunnet. Kyrkjeleg fellestråd er gravplassforvaltar, og kyrkjevevja utøver dette ansvaret. Arbeidet er underlagt gravferdslova og gravferdsforskrifta. I tillegg er det vedteke lokale vedtekter for kyrkjegardane i Hjelmeland. Lova har følgjande kapittel:

1. Kyrkjegardar og krematorier
2. Gravferd, kremasjon og gravlegging
3. Feste av grav og gravminne
4. Ulike bestemmelsar

Forskrifta seier noko om:

1. Gravplass
2. Graver
3. Gravminne
4. Likkister og oskeurner
5. Drift av krematorium og behandling av oskeurner
6. Ulike bestemmelsar

Siste revisjon av gravferdslova vart sett i kraft jan. 2012, og forskrifta i des. 2012. Dei lokale vedtektene for Hjelmeland er reviderte i 2014.

I ein plan for kyrkjegardsdrifta er det viktig å samarbeida med kommunen. Sjølve drifta gjer me på vegne av kommunen, og det er då avgjerande at me får tilført dei ressursane som er nødvendige for å oppretthalda ei god drift. Det har i lengre tid pågått drøftingar med kommunen om gravplassdrifta. Konklusjonen på desse drøftingane er at kyrkja skal vidareføra ordninga med egne tilsette og eige materiell. Det er signalisert positiv vilje frå kommunen om at kyrkja kan be om tenester og hjelp frå teknisk avdeling etter behov. Dette må formaliserast i tenesteytingsavtalen mellom kommunen og kyrkja.

Sidan dette ikkje har blitt avklara før hausten 2014, har det ikkje vore arbeid med ein heilskapleg plan for gravplassdrifta. Ein tek sikte på å gjera dette arbeidet i 2015 slik at ein slik plan kan føreliggja frå 1. januar 2016.

Ein plan for gravplassdrifta må innehalda følgjande moment:

- ✚ Status (Oversyn over alle gravplassane med talet på brukte og ledige graver, samt ei beskriving av kva stand sjølve gravplassen er i, beplanting mv.)
- ✚ Målsetjing for gravplassdrifta
- ✚ Strategiar som gjeld bemanning, utskifting av utstyr og materiell, samt sjølve drifta
- ✚ Tiltak på kort og lang sikt

Hovudmål:

Kyrkjegardane og gravplassane i Hjelmeland skal forvaltast med orden og verdigheit. Tilhøva skal leggjast til rette for at kyrkjegardsdrifta i Hjelmeland skal ha høg kvalitet.

Strategiar

- ✚ Kyrkjeleg fellesråd skal framleis vera kyrkjegardsforvaltar med ansvar for gravregister og kart, gravferdsrutinar, avgjere kor nye graver skal opnast, innkreving av ev. festeavgift, oppretting av stellavtalar, etc.
- ✚ Det skal vera minst 1,3 årsverk i gravplassdrifta, fordelt på 2 personar som har kyrkjeleg fellesråd som sin arbeidsgjevar. Dei tilsette skal skulerast og dyktiggjerast i arbeidet sitt.
- ✚ Kyrkjegardane/ gravplassane skal framstå som velstelte, ryddige og ordentlege. Det skal lagast eit betre system for avfallshandtering.
- ✚ Det skal lagast ein bevaringsplan som m.a. viser kva graver/ gravminne som skal bevarast også etter at festeavtale opphøyrer.
- ✚ Gravkarta skal fornyast og digitaliserast

Tiltak 2015-2018

- ✚ Starta arbeidet med digitalisering av kart.
- ✚ Planleggja og gjennomføra bygging av "garasje" for utstyr og materiell i Årdal og på Hjelmeland.
- ✚ Laga heilskapleg plan for kyrkjegardsdrifta i løpet av 2015.
- ✚ Alle gravminne skal fotograferast og gjerast tilgjengelege på heimesida til kyrkja.

6.6. Plan for kontordrifta

Kyrkjekontoret i bankbygg 2 er basen for dei tilsette i kyrkja i Hjelmeland. Her er det kontorplassar til prost, sokneprest, prostesekretær, barne-og ungdomsprest, kantor og kyrkjeverje. Det er berre prostesekretær og kyrkjeverje som har reine kontorstillingar. Dei andre er delvis på kontoret og delvis ute «i felten.» Gravar/ kyrkjegardsarbeidar og kyrkjetenarane inngår også i staben og har tilgang til kontorplass ved behov.

Kyrkjeverja er dagleg leiar av kontordrifta og arbeidsgjevars representant for dei personane som er tilsette av fellesrådet, dvs. alle utanom prost og sokneprest. Kvar av dei tilsette har ulike arbeidsfelt og oppgåver, men for at den enkelte sitt arbeid skal fungera best mogeleg, er det heilt nødvendig med samarbeid og at alle er innstilte på å involvera seg i dei andre sine oppgåver. Me arbeider mot det same målet og deler den same visjonen. Kontorfellesskapet er viktig for lagarbeidet, for å utvikla ein samarbeidskultur, for planlegging, for fagleg fordjuping, for bøn og bibellesing, og for samtalar og menigsutveksling.

Kyrkjekontoret er også etablert for å ta seg av alle dei oppgåvne som er regulert av lovar, forskrifter og planar. Det er lovbestemt at det skal finnast eit kyrkjekontor i alle kommunar og at det skal vera tilsett ei kyrkjeverja som har ansvaret for dei lovbestemte oppgåvene og fellesrådet sitt ansvarsområde.

Kyrkjekontoret er og eit offentleg kontor der alle er velkomne for å snakka med dei tilsette og for å få svar på spørsmål som har med deira tilhøve til kyrkja å gjera. Dette kan skje ved personleg frammøte eller via telefon, e-post, SMS, etc. Uansett skal alle møtast med respekt og velvilje, og dei skal få svar med det same så sant det er mogeleg.

Hovudmål:

Kyrkjekontoret skal vera ein god arbeidsplass for dei tilsette i kyrkja, og eit sørvis-innstilt offentleg kontor for alle som kontaktar oss.

Strategiar:

- ✚ Stillingsomtalar for alle stillingar slik at alle er trygge på sine oppgåver.
- ✚ Regelmessige stabsmøte for å gje felles informasjon og drøfta saker av felles interesse.
- ✚ Uvikla gode samarbeidsrutinar og fellesskapsløysingar .
- ✚ Ta godt imot alle som kontaktar oss.
- ✚ Gje rom for fagleg fordjuping gjennom sjølvstudium, kurs og anna skoling.
- ✚ Utvikla effektive planleggings- og kontorrutinar i den enkelte stillinga.
- ✚ Vidareutvikla ein kultur der vanskelege spørsmål vert tekne opp med kollegiet eller næraste overordna så fort som råd.

Tiltak:

- ✚ Stabsutviklingstiltak minst ein gong kvart 2. år.
- ✚ Stabsmøte kvar fjortande dag.
- ✚ Deltaking på faglege kurs lokalt i Stavanger bispedømme eller på sentrale kurs så langt budsjettet tillet.
- ✚ Gjennom samtalar og stabsmøte involvera seg i dei andre sine arbeidsoppgåver for å nå felles mål og opptre samla utad.
- ✚ Arbeida aktivt og målretta i samsvar med vedtekne planar.
- ✚ Bruka innkjøpte dataverktøy/ fagsystem aktivt for å effektivisera kontordrifta og planleggingsarbeidet. Det skal ikkje betalast lisensar for dataverktøy som ikkje vert brukte.
- ✚ Gjennomføra kartlegging av det psykososiale arbeidsmiljøet annakvart år.

6.7. Plan for informasjonsarbeid

Det meste av kyrkja sitt arbeid er utadretta verksemd. Me ønskjer at flest mogeleg skal delta i gudstenester, i trusopplæringsarbeidet, på konsertar og i andre arrangement som me som tilsette i kyrkja arrangerer. Me må difor ha tenkt gjennom korleis me skal nå ut med best mogeleg informasjon om arrangementa.

I tillegg kjem informasjon om det som fellesråd og sokneråd arbeider med. Ein del av dette har heilt klart offentleg interesse, og det vil ofte også vera av stor interesse for kyrkja at innbyggjarane i kommunen får informasjon om slike saker.

Det tredje feltet er den interne informasjonen som er avgjerande for å skapa ein samarbeidskultur. All relevant informasjon skal delast.

Hovudmål:

Ein open organisasjon med god informasjonsflyt i alle ledd; internt, ut mot råd og utval, og ut mot publikum.

Strategiar:

- ✚ Intern informasjon vert delt på stabsmøte og ved interne meldingar og oppslag.
- ✚ Ekstern informasjon skal primært leggjast ut på www.hjelmeland.kyrkja.no
- ✚ Gjensidig informasjon mellom kyrkja og organisasjonane på bedehusa om planlagde aktivitetar.
- ✚ Gudstenester skal annonserast i Strandbuen
- ✚ Ordninga med plakatar til gudstenestene skal evaluerast med tanke på endring.
- ✚ Vurdera om sosiale medier skal brukast i informasjonsarbeidet.
- ✚ Kyrkjebladet «Preikestolen» skal brukast aktivt.

Tiltak:

- ✚ Evaluering i sokneråda og i staben av korleis informasjonsarbeidet vert drive i dag.
- ✚ Iverksetja dei endringane som er nødvendige.

6.8. Årsbudsjett

Budsjettet vert endeleg vedteke i Fellesrådet etter at kommunestyret har gjort vedtak om driftstilskot til kyrkja. Det skjer i desember, og fellesrådet kan såleis ikkje vedta endeleg budsjett før på sitt første møte etter nyttår.

Årsbudsjettet vert vedlagt planen som uttrykt vedlegg, og sendt ut til sokneråda så snart det er vedteke.

Sokneråda skal sjølve utarbeida budsjett for sitt sokn. Sokneråda har ikkje i same grad som før ansvar for vedlikehald, inventar, utstyr etc., men det er likevel ein del midlar i omløp.

Sokneråda har egne rekneskap som for tida vert førte av kyrkjeverja. Kwart råd har ein økonomiansvarleg som har ansvar for at offerpengar vert sett inn på konto, samlar bilag og elles har medansvar for soknerådet sine inn-og utbetalingar

6.9. Planar for arbeidet i det enkelte sokn

Det er Kyrkjelova § 9 som seier kva soknerådet sine oppgåver er, og i § 11 kva oppgåver soknemøtet har. Nedanfor er dette punktvis opplista:

- ✚ Soknerådet har ansvar for at kyrkjeleg undervisning, kyrkjemusikk og diakoni vert innarbeidd og utvikla i soknet.
- ✚ Soknerådet avgjer om det skal takast opp offer i kyrkja, og dei forvaltar dei midlane som vert samla inn, løyvd eller gitt som gåve til kyrkja, med mindre noko anna er fastsett.
- ✚ Soknerådet medverkar ved utnemning og tilsetjing i kyrkjelege embete eller stillingar
- ✚ Soknerådet skal minst ein gong pr. år innby dei tilsette i soknet til å delta i drøftingar om tilhøva i kyrkjelyden og dei oppgåvene som føreligg.
- ✚ Soknerådet førebur og gjev innstilling til vedtak i alle saker som vert lagt fram for soknemøtet.
- ✚ Soknerådet gir kvart år soknemøtet ei orientering om det kristelege arbeidet i soknet.
- ✚ Soknerådet skaffar til vegar dei opplysningane og gir dei uttalane som departementet eller anna kyrkjeleg styresmakt ber om.
- ✚ Soknemøtet avgjer saker om innføring av ny, godkjent salmebok og liturgi og andre saker som regjering og/eller departementet bestemmer skal overlatast til soknemøtet.
- ✚ Soknemøtet uttalar seg om bestemte saker, jf. bokstav a til e i § 11.
 - oppføring eller nedlegging av kyrkje
 - kor ny prestebustad bør liggje
 - auke eller reduksjon av prestetenesta
 - auke eller reduksjon av talet på gudstenester
 - deling, samanslåing eller andre endringar i grensene for sokn eller prestegjeld

Med bakgrunn i dette bør kvart sokneråd utarbeida enkle årsplanar for sitt arbeid. Planen kan utformast som ein handlingsplan med hovudmål, delmål, strategiar og tiltak med tidsfristar og kven som skal vera ansvarleg. Planane bør evaluerast etter at planperioden er over. Ei enklare form kan vera eit årshjul der alle planlagde aktivitetar, møte og arrangement er sett opp. Soknerådet bør uansett i starten av ein periode drøfta kva ein ønskjer for arbeidet i soknet, korleis status er, kva ein vil dei næraste åra, og korleis ein skal komma dit.